

og Fiskarlagets Servicekontor AS, avd. Vest

Bergen, 13.07.15

Vår ref. 765 / 15/BSI/5.7.12

Dykkar ref.:15/7907

Fiskeridirektoratet region vest  
Postboks 185, Sentrum  
5804 Bergen

Att: Margareth Olin Leivdal

e-mail

## LINDÅS, OSPENESET – SØKNAD OM ENDRING AV ANLEGG.

Viser til dykker brev av 11.06.15, med vedlegg vedkomande ovannemnde sak.

### Generelle merknader

Fiskarlaget Vest registererer at ein får mange søknader om endra lokalitetar, auka biomasse (MTB) på eksisterande lokalitetar, samt søknad om nye lokalitetar, med m.a. bakgrunn i innføringa av Hardangerfjordforskrifta og inndeling i PD-/ lusesoner.

Fiskarlaget Vest meiner at det ikkje må førast ein bit for bit politikk frå styresmaktene, men at ein må vurdere kva eit **større** område toler av oppdrett i tillegg til anna utslepp til sjø.

Oppdrettsnæringa må i utgangspunktet velje gode lokalitetar, som ikkje er i konflikt med fiskerinæringa, slik at det ikkje blir slik at ein forureinar eit området for deretter å sökje om ny plass.

Fiskarlaget Vest meiner òg at styresmaktene må **definere** kva som er **akseptabel negativ påverknad** frå oppdrettsnæringa på anna næring, her villfisk. men ikkje berre vill laksefisk.  
Fiskarlaget Vest vil minne om seiproblematikken, spesielt i høve til garnfiske.

Ein kan ikkje godta at styresmaktene seier at ein har ei berekraftig oppdrettsnæring om ein får kontroll på rømming og luseproblematikken.

Det er òg andre tilhøve som må takast med i ei slik vurdering. Deriblant m.a. bruken av kjemiske avlusningsmiddel. jf. rapport frå Havforskningsinstituttet om saka i januar 2013.

IRIS i Stavanger har òg gjort nokon forsøk i høve bruk av einskilde avlusningsmiddel i høve reke, jf. link: <http://www.nrk.no/nordland/bekymret-for-legemidler-i-oppdrett-1.11931728>. I høve miljø må ein òg ta med at mērdane no blir spylt reine på lokaliteten, og den forureininga det utgjer.



Fiskarlaget Vest meiner at det må kome fram på kommuneplankarta kva område som verkeleg blir beslaglagt for anna bruk/næring av eit oppdrettsanlegg, ikkje kun sjølve anlegget.

Oppdrettsnæringa må kontinuerleg arbeide for at ankersistema blir kortast mogeleg innanfor krava som er stilt, for å redusere område som blir bandlagt for anna bruk/næring.

Det er viktig at oppdrettslokalitetar/fortøyningar/fester under vatn som ikkje er i bruk lenger blir rydda skikkeleg.

#### Lokaliteten Ospeneset

Ifølgje Fiskeridirektoratet sin kartdatabase er det registrert kaste-/låssettingsplass norvest for anlegget, jf. vedlagde kart.

Ein forutset at søker legg fortøyningane slik at dei ikkje kjem i konflikt med registrerte fiskeriinteresser både i Lindås og Masfjorden kommune, og at kaste-/låssettingsplassen i området kan nyttast, jf. vedlagde kart.

Elles visar ein til dei generelle merknadene, spesielt når det gjeld fortøyning/rydding.


Med helsing  
Fiskarlaget Vest

Britt S. Instebo  
Britt Sæle Instebo

Kopi pr. mail: Nordhordland Fiskarlag  
Hordaland Fylkeskommune

# Lindås, Ospeneset

© Fiskeridirektoratet



Målestokk: 1:21 872

